



Desse møtte:

Førde 29.05.2024

Knut Johan Mikkelsen
Kurt Grønli
Aslaug Vårdal Igelkjøn
Torleif Håland (vara)
Egil Nestande (instruktør)
Monrad Kolstad (instruktør)
Arne Sandnes (instruktør)
Bjørge Ladehaug (datastove ansvarleg)

Referat frå styremøte i Seniornett Førde

Tid: Onsdag 29.05.2024 kl 10.00 – 12.00

Stad: Møterom i kjellar, Førdehuset

Sak 1/2024: Konstituering av styret 2024 - 2025

Knut Johan Mikkelsen – leiar
Kurt Grønli – kasserar
Aslaug Vårdal Igelkjøn – skrivar / nestleiar
Torleif Håland – vara

Neste styremøte vert 4. september 2024, kl 10.00 – 12.00

Sak 2/2024: Val av representant til regionmøte i Bergen 31.05. 24

Knut Johan Mikkelsen representerer Seniornett Førde.
(Seniornett sentralt dekkjer reisekostnader)

Sak 3/ 2024. Kursinnhald for haust / vår 2024 – 25

Egil Nestande laga eit skriv for to år sidan der han omtala framtida for Seniornett Førde. Dette var ingen arbeidsplan, berre eit innspel i høve til å tenkje på ein annan måte. Det vart liten diskusjon kring dette på årsmøtet i 2023, medlemmene ønskte å halde fram som før.

På styremøtet vart det diskutert om ein kunne ha fellessamling for alle gruppene med eit felles tema. Det vart ingen konklusjon.

Vedtak:

Oppstart av kursåret 2024 – 25 vert v. Digital festival i september.

Instruktørane møter torsdag 29. august kl 10.00, og stiller med skisser til program for sine grupper..

Sak 4/ 2024: Eventuelt

Kurt Grønli refererte frå årsmøte om saka « - å flytte innkomne saker til før saka om budsjett»
-. Kurt vil gjerne ta opp att denne saka på neste årsmøte, for han meiner framleis at slike saker kan ha innverknad på budsjettet.

I paragraf 7 i vedtektene for Seniornett Førde står det at leiarar (instruktørar) ikkje kan vere leiar i lokalforeininga. Knut Johan Mikkelsen tolkar dette på ein annan måte. Leiarar er dei som vert lønna for å leie ei foreining.

Vedtak: Knut Johan Mikkelsen tek kontakt med Seniornett sentralt, for å få ei avklaring på denne saka.

Sak 05 2024 Referatsaker

Kurt Grønli orienterte om økonomien til Seniornett Førde. Vår avslutninga / årsmøtet vart ikkje så dyrt som venta, og det har kome inn ein sum pengar frå sentralt hald som han må undersøkje gjeld fjoråret. Kurt har elles søkt om momskompensasjon, og fått melding om at søknaden er motteken.

Samarbeidet med banken har vore/ er noko strevsamt. Banken skriv ikkje ut billag utan at det vert betalt gebyr. Derfor gjer Kurt dette sjølv, noko som tek ekstra tid, og påfører han meirutgifter i form av papir og blekk til skrivar.

Seniornett Førde vil kompensere økonomisk for meirutgiftene kasserar har i høve til billaga.

Bjørg Ladehaug orienterte om datastover. No skal kvart kurs ver på 4 t. ikkje 8 som tidlegare. Bjørg kan administrere påmelding og organisere lærarar til kurs i haust, men ikkje etter veke 41. Bjørg har liste over aktuelle personar som kan vere instruktørar på datastovene.

Vidare arbeid: Leiar i Seniornett Førde, Knut Johan Mikkelsen, og leiar i Førde pensjonistlag, Kjell Sannes; fastset vekedag og dato for oppstart av datastover. Bjørg skriv og sender søknad om økonomisk støtte, lagar plakatar og utformar annonse til Firda.

Møtet slutt.

Aslaug Vårdal Igelkjøn

- Refr.-